



Ål kommune

«MottakerNavn»  
«Kontakt»  
«Adresse»  
«Postnr» «Poststed»

Dykkar ref	Vår ref	Dato
«Ref»	2021/4111-113	20.04.2023

## Offentleg ettersyn/høyring - Revidering av arealdelen av kommuneplanen 2023 - 2035

Kommuneplanutvalet har i samsvar med plan- og bygningslova § 11-14 vedteke i sak 5/23 å leggje forslag til arealdelen av kommuneplanen ut til offentlig ettersyn. Arealdelen består av planskildring, plankart, temakart og føresegner og retningsliner datert 12.04.2023.

Arealdelen av kommuneplanen er juridisk bindande for arealbruken i kommunen og viser kva dei ulike areala i kommunen kan nyttast til.

Dette brevet sendast ut til offentlege instansar, lag og organisasjonar og alle øvrige som har sendt innspel til planarbeidet. I tillegg blir brevet sendt til grunneigarar av eigedomar der det er gjort større endringar i plankartet samanlikna med gjeldande arealdel av kommuneplanen, utan at det er basert på arealinnspele.

Det blir ikkje gitt individuelle svar på alle innspela til planarbeidet. På kommunen si heimeside ligg det ei oversikt over dokument der dei ulike arealinnspele er oppsummert, samt administrasjonen si vurdering av innspela.

### Planforslaget

Forslag til kommuneplanens arealdel er utarbeidd i samsvar med fastsatt planprogram, vedtak i kommuneplanutvalet 10/21, samfunnsdelen av kommuneplanen, overordna arealføringar for kommunens arealbruk og regionale- og nasjonale føringar. Forslaget er oppdatert i samsvar med kommuneplanutvalet høyringsvedtak.

Kommuneplanutvalet vedtok i sak 10/21 at arbeidet med næring og levande grender, herunder bustader, skulle prioriterast. Revideringa av arealdelen er derfor delt i to, i denne omgangen reviderast alt, unntatt område for spreidde fritidsbustader og fritidsbustader. Når denne revideringa er vedteken, vil det bli satt i gang planarbeid med revidering av tema fritidsbustader. Delar av kommunedelplan for Primhovda er innarbeidd i planforslaget (botnområdet v/ Ål skisenter), medan den resterande delen av kommunedelplanen skal inn i kommuneplanen ved revisjon av tema fritidsbustader.



### Hovudtrekk i planforslaget:

- Område for spreidde bustader i grendene
- Bustadområde
- Næringsområde
- Landbruksområde
- Natur- og kulturmiljø

### **Plandokument**

Offentlege instansar får plandokumenta som vedlegg. Øvrige mottakarar kan lese og laste ned plandokumenta på Ål kommune si heimeside under «Høyringar og kunngjeringar», eller kommunens planarkiv under planID 2020002. Her finn ein også andre dokument som er utarbeidd som ein del av planarbeidet.

Høyringsperioden er frå 21. april til 2. juni 2023.

Det ligg trykte eksemplar av planforslaget til gjennomsyn på:

- Servicetorget
- Ål bibliotek
- Samhald
- Joker Torpo

Forslag til ny arealdel av kommuneplan ligg også på [kommunekart.com](http://kommunekart.com)

### **Høyringsuttale:**

Gi din høyringsuttale digitalt på kommunens heimeside under «høyringar og kunngjeringar», på e-post til [postmottak@aal.kommune.no](mailto:postmottak@aal.kommune.no) eller som brev til Ål kommune, Torget 1, 3570 Ål.

### **Høyringsfristen er 2.juni 2023**

Etter høyringsfristen vil alle høyringsuttaler bli gjennomgått. Planforslaget vil kunne bli endra før det leggjast frem til politisk handsaming. Det er Ål kommunestyre som skal vedta den endelege planen.

### **Informasjonsmøte om planforslaget:**

Ål kommune vil invitere til informasjonsmøte om planarbeidet i mai. Invitasjon til informasjonsmøte vil bli annonsert i Hallingdølen.

Med helsing

Sandra Paulsen  
arealplanleggar

Elektronisk godkjent utan signatur

Mottakarliste

ÅL KOMMUNE

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)

VIKEN FYLKESKOMMUNE

STATSFORVALTEREN I OSLO OG VIKEN

BANE NOR SF

STATNETT SF

DIREKTORATET FOR MINERALFORVALTNING MED BERGMESTEREN FOR SVALBARD

MATTILSYNET

HALLINGDAL KRAFTNETT AS AVD HOVEDKONTOR

HALLINGDAL BRANN- OG REDNINGSTENESTE IKS

HAFSLUND ECO VANNKRAFT AS

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE) REGION SØR

STATENS VEGVESEN

HALLINGDAL RENOVASJON IKS

BIRDLIFE NORGE AVDELING BUSKERUD

NATURVERNFORBUNDET I HALLINGDAL

VILLREINUTVALET NORDFJELLA

HOL KOMMUNE

GOL KOMMUNE

HEMSEDAL KOMMUNE

NESBYEN KOMMUNE

NORE OG UVDAL KOMMUNE

LÆRDAL KOMMUNE

Nordfjella og Fjellheimen villreinnemnd